



# DEN NORSKE KYRKJA

## Kyrkjebø sokneråd

Dalevegen 4  
6993 HØYANGER  
Tlf: 57714100

### Møtebok for Kyrkjebø Sokneråd

Møte i Kyrkjebø Sokneråd tysdag 17.11.2015 kl. 19:00 i Kyrkjelydshuset.

#### Desse møtte:

Audun Digranes, Irene Aase Aarseth, Jarle Berge, Leif Arne Fureli, Erlend Andre Høyvik Haugsbø, Runar Matsui-Li, Anne Lise Ljotebø, Sturla Bell Fossen, Borgny Birkeland, Stine Iren Røyseth og Toril Lange.

**Meldt forfall:** Anne Marie Aasgard, Lisbeth Haugsbø.

#### Kopi av møteboka går til:

Reidar Knapstad, Petter Sortland, Arve Varden, Eldrerådet.

Audun Digranes er leiar i soknerådet leia møtet.

#### Sakliste:

Godkjenning av innkalling og referat frå møte 13. oktober. Ingen merknadar.

#### Meldingssaker:

##### 000036 Soknepresten har ordet

Presten las teksten for fyrstkomande sundag, og delte nokre tankar rundt denne med oss.

##### 000037 Rekneskapsrapport med balanse og bankinnskot

Rekneskapsrapporten for 2015 vart framlagd og godkjend slik den forelåg.

##### 000038 Orientering om trusopplæring

Kyrkjelydspedagog Toril Lange orienterte om sitt arbeid og om trusopplæringa i soknet.

Lange har vore tilsett sidan 2010, og har ei delt stilling: 25 % i Misjonsselskapet (Alværa), 25 % i Hyllestad og 50 % i Høyanger. Ho orienterte vidare om planarbeidet for trusopplæringa. Dette er no basert på sokne-nivå. Opplæringa si målsetting skal vere å ha eit omfang som dekker aldersgrupper og timetal tilsvarande det kristendomsundervisinga tidlegare hadde i skulen. I praksis må dette tilpassast tilgjengelege ressursar og lokale tilhøve.

Planen for 2015 vart gjennomgått og kommentert, og aktuelle tiltak i 2016 vart orientert om.

Lange har eit sterkt ynskje om 2 – 3 personar i kvar sokn som kan "tenkje høgt" saman med henne og kome med innspel omkring trusopplæringa i kyrkjelydane våre. Det siste vert handsama under vedtakssak 034/15.

##### 000039 Orientering om Helgestunder

Medlemene vart oppmoda om å levere stoff til bladet.

##### 000040 Ymse

Leiaren refererte frå eit brev frå prosten. Brevet vert sendt medlemene etter møtet.

## Vedtaksaker:

### Sak 028/15 VAL AV INDIREKTE MEDLEMER TIL BJØRGVIN BISPEDØMERÅD 2016-2019

Berre faste medlemmer av soknerådet har røysterett ved dette valet.  
Det vart påpeika at breva som fylgde sakspapira kunne vere leiande for valet.

Rådet meiner at antan må alle brev stila til soknerådet fylgje i sakstilfanget, eller så må berre valorienteringa og vallista vere vedlagt.

Det vart deretter avhalde skriftleg val, og seks røystesetlar vart avleverte.  
Røystene m/fylgjeskriv vert sendt Bjørgvin bispedømekontor på føreskriven vis.

### Sak 029/15 MØTEPLAN FOR 2016 (Dok: 15/00005-001)

Tysdagar kl 1900 vert vald som møtedag.  
Antal møte /år er avhengig av ulike fristar rådet må forhalda seg til, som t d gudstenesteplan, utgjeving av Helgestunder, årsmeldingar o l.  
Leiar foreslo at fyrste møte i 2016 vert 12. januar, og at vidare møteplan vert fastsett då.

**VEDTAK:** Neste møte vert 12. januar 2016, og vidare møteplan vert fastsett då.  
Innan dette møtet må kyrkjekontoret framskaffe opplysningar om dei ulike fristar rådet bør ta omsyn til i si planlegging.

Korvidt både faste medlemmer og alle vara til soknerådet skal møte kvar gong vert drøfta att i januar.

**Jarle Berge ba om - og fekk - fri frå resten av møtet.**

### Sak 030/15 TILDELING AV OFFER 1. HALVÅR 2016 (Dok: 15/00004-012)

Offergåvene har tidlegare år vore tildelt lokale føremål + eit hjelpeprosjekt i Mali.  
Offerplanen for 2016 vert vidareført i tråd med dette, oppsett, og er vedlagt møteboka.

### Sak 031/15 BUDSJETT 2016 (Dok: 14/00004-002)

Leiar sitt framlegg til budsjett vart vedteke og er vedlagt møteboka.

### Sak 032/15 GUDSTENESTEPLAN 1. HALVÅR 2016 (Dok: 13/00009-004)

Planen vert godkjend som føreslegen.

### Sak 033/15 KYRKJEVERTAR 1. HALVÅR 2016 (Dok: 15/00008-001)

Kyrkjevertfunksjonen vert sak på neste møte i soknerådet. Evt. liste vert oppsett då.  
Vertar på Kyrkjebo 03.01. er Anne Lise Ljotebo, og i Vadheim 10.01. Borgny Birkeland.

### Sak 034/15 TRUSOPPLÆRINGSUTVAL (Dok: 09/00011-010)

Saka vert utsett til møtet i januar 2016.  
Innan då prøver medlemene å finne aktuelle kandidatar som kan ta del i ulike kyrkjelydsaktivitetar.

### Sak 035/15 OPPNEMNING AV NYTT DIAKONIUTVAL 2016 (Dok: 02/00003-007)

Rådet vil spørje Gunvor Hommedal om å gå inn som fast medlem og med Stine I. Røyseth som vara.

**Møtet slutt kl 21:15.**

Sturla Bell Fossen  
skrivar

Kyrkjebø Sokneråd

Konto	Ansvar	Teneste	Stad	Rekneskap 2015	Budsjett 2015	Budsjett 2016
31002 Litteratur/tidsskrift/Materiell	300	04400	000	17940	0	6000
31100 Forbruksmaterill/utstyr/tenester	300	04400	000	1829	1500	3000
31200 Anna materiell/råvarer/tenester	300	04400	000	0	1500	2000
31201 Kjøp av matvarer	300	04400	000	700	1000	1000
31202 Reinhold	300	04400	000	0	200	0
31205 Velferdstiltak for tilsette	300	04400	000	300	1000	1000
31400 Annonsar/Reklame/Info	300	4400	000	270	500	500
31500 Opplæring/Kurs	300	04400	000	0	2300	2000
31900 Leige av lokale og grunn	300	04400	000	750	500	1000
34290 Mva. utanfor mva. lova	300	04400	000	713	0	500
34650 Overføring ofring/innsamla midl.	300	04400	000	7327	15000	8000
34652 Kirkens Nødhjelp Faste overført	300	04400	000	15066	12000	15000
37290 Kompensasjon Mva.	300	04400	000	-713	0	-500
37800 Interne overføringar	300	04400	000	0	-1500	-6000
38600 Offer til eiga verksemd	300	04400	000	-11490	-10000	-10500
38650 Offer til anna verksemd	300	04400	000	-7327	-12000	-8000
38652 Kirkens Nødhjelp Fasteaksjonen	300	04400	000	-15066	-12000	-15000
				10299	0	0

Salmebøker, s

Vertar må sen

Overført frå fc

tor skrift.

de rekning.

nd.

# Kyrkjebø Sokneråd

Sak 030/15

Dato: 17.11.2015

Dokumentnavn: TILDELING AV OFFER 1. HALVÅR 2016

## VEDTAK:

Datoane for gudstenester er:

### Kyrkjebø:

03.01.kl.1100 Eige arbeid

31.01.kl.1100 Helgestunder

14.02.kl.1700 Kyrkjelydshuset

06.03.kl.1100 Alværa,

27.03.kl.1100 Mali

03.04.kl.1700 Kyrkjelydshuset

05.05.kl.1100 Orgel i Kyrkjebø kyrkje.

08.05.kl.1100 Eige arbeid

16.05.kl.1530 Eige arbeid

17.05.kl.1245 Eige arbeid

05.06.kl.1700 Mali

Tårnagentgudsteneste

Samtalegudsteneste

Konfirmasjon

Friluftsgudstneste Måren

### Vadheim:

10.01.kl.1100 Eige arbeid

24.01.kl.1700 Helgestunder

07.02.kl.1700 Mali

06.03.kl.1700 Bedehuskapellet

24.03.kl.1100 Alværa

27.03.kl.1700 Eige arbeid

10.04.kl.1100 Eige arbeid

24.04.kl.1100 Bedehuskapellet

17.05.kl.1130 Eige arbeid

05.06.kl.1100 Mali

Skjærtorsdag

Påskedag

Samtalegudsteneste

Konfirmasjon